

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	510
Land:	Kina
Kilde:	Landinfo
Titel:	Respons. Kina: Dobbeltstraff
Udgivet:	12. november 2018
Optaget på baggrundsmaterialet:	15. januar 2019



Respons

Kina: Dobbeltstraff

- Kan ein person som allereie er dømd og har sona ein straff i utlandet, verte utsett for dobbeltstraff (*double jeopardy*) ved retur til Kina?

Dobbeltstraff

Dobbeltstraff (*double jeopardy*) er forbode gjennom Den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettar (ICCPR) artikkel 17 (7):

No one shall be liable to be tried or punished again for an offence for which he has already been finally convicted or acquitted in accordance with the law and penal procedure of each country.

Konvensjonen vernar mot ny straffeforfølgning i saker der tiltalte allereie har vore prøvd ved ein annan domstol, anten hen vart *frifunnen eller* domfelt. Det norske ordet «dobbeltstraff» er derfor ikkje heilt dekkande.

Kina underteikna ICCPR i 1998, men har stadig ikkje ratifisert avtalen. Det tyder at Kina ikkje er juridisk bunde av avtalen, sjølv om landet ved å underteikne han, forplikta seg til ikkje aktivt å gjere noko som strir mot avtalen sitt mål og intensjon.

Den kinesiske straffelova opnar eksplisitt for dobbeltstraff

Den kinesiske straffelova (Criminal law 1997) opnar for straffeforfølgning av kinesiske borgarar som allereie er frifunne eller dømde og straffa i ein domstol i utlandet:

Article 7. *This Law shall be applicable to any citizen of the People's Republic of China who commits a crime prescribed in this Law outside the territory and territorial waters and space of the People's Republic of China; however, if the maximum punishment to be imposed is fixed-term imprisonment of not more than three years as stipulated in this Law, he may be exempted from the investigation for his criminal responsibility.*

This Law shall be applicable to any State functionary or serviceman who commits a crime prescribed in this Law outside the territory and territorial waters and space of the People's Republic of China.

Article 10. *Any person who commits a crime outside the territory and territorial waters and space of the People's Republic of China, for which according to this Law he should*

bear criminal responsibility, may still be investigated for his criminal responsibility according to this Law, even if he has already been tried in a foreign country. However, if he has already received criminal punishment in the foreign country, he may be exempted from punishment or given a mitigated punishment.

Lova gjev ikkje ein nærare definisjon av under kva for tilhøve personar kan prøvast på nytt:

The circumstances under which an individual would be punished in China for a crime committed in a foreign country for which he had already been punished in that country, are unstipulated (Home Office 2018, s. 8).

Ergo er det ikkje ut frå lova, forskrifter eller andre juridiske dokument mogleg å lese i kva for type saker bruk av artikkel 7 og/eller 10 kan vere aktuelt.

Paragrafane vert i visst mon implementerte

Kinesisk rettsstatistikk er ikkje lett tilgjengeleg, sjølv om det har vorte enklare dei seinare åra, mellom anna med fleire nettstader der ein kan sjekke dommar og liknande. Rettssystemet er heller ikkje transparent og ope, så sjølv om ein til dømes har innsyn i mange rettssaker i dei nemnde databasane, kan ein ikkje vere sikker på at ein har det heile og fulle bildet.

Straffelova sine paragrafar 7 og 10 har vore brukte. I ein britisk dom frå 2008 (AIT 2008, s. 66–67) vert det vist til nokre kjende saker, tre som gjaldt § 7 og fire som gjaldt § 10, i perioden 1990–2007. Frå seinare tid har det innanfor tidsrammene for denne responsen berre latt seg gjere å finne éin sak. Den er frå 2017 og dreidde seg om rundt 50 personar, der dei aller fleste var borgarar av Taiwan, ikkje av Folkerepublikken Kina. Dei vart «returnerte» til Folkerepublikken¹ etter å ha vorte frifunne for økonomisk kriminalitet (*telecom fraud*) i Kenya. Desse personane vart så dømde, i kinesiske domstolar, til mellom 21 månader og 15 års fengsel for dette (SCMP 2017).

Tilhøvet til Taiwan og øya sin status er eit av dei aller mest sensitive og betente temaa i Kina. Derfor hadde denne saka truleg ein svært viktig politisk dimensjon, og det vil heilt klart ha vore maktpåleggjande for Beijing å vise at Kina ikkje tar ordre frå nokon når det gjeld Taiwan eller statusen til innbyggjarane der. Men som det australske utanriksdepartementet (DFAT 2017, s. 40) skriv, vart også borgarar av Folkerepublikken i denne gruppa ramma:

[T]he fact that mainland Chinese passport-holders were part of the group suggests that double jeopardy can apply to Chinese citizens who are acquitted abroad.

Moglegheiten for rettsforfølging ved eventuell retur til Kina

Det australske utanriksdepartementet hevdar at:

I praksis kan kinesiske borgarar som har vore dømde og straffa for lovbrøt utanlands, verte straffa for dei same lovbrøta ved retur til Kina. Det er mindre sannsyn for at styresmaktene vil straffeforfølgje personar som har gjort lovbrøt utanlands som i Kina har ei strafferamme på tre år eller mindre. Personar som er dømde for meir alvorlege

¹ Folkerepublikken Kina (heretter: Kina) anerkjenner ikkje Taiwan som eigen stat, men ser øya som ein provins i Kina. Land som har diplomatiske samband med Kina, kan ikkje ha det med Taiwan. Tilhøvet er delvis resiprokt, regjeringa i Taipei har også insistert på å representere heile Kina. Taiwanske borgarar har pass det står ‘Republic of China’ og ‘Taiwan’ på, men Kenya, som har diplomatiske band til Kina, sende altså desse taiwanarane til Kina.

lovbrot, har høgare sannsyn for straffeforfølging ved retur, avhengig av brotsverket og kor lang den utanlandske straffa var: Ei streng utanlandsk straff ville truleg gje lågare straff ved retur (DFAT 2017, s. 40; Landinfo si omsetjing)

I samandraget av to saker frå det britiske rettsapparatet vert den generelle faren for dobbeltstraff vurdert slik:

Risikoen for rettsforfølging (prosecution or reprosecution) vil avhenge av individuelle tilhøve i kvar einskilte sak, men risikoen er høgare der (a) det har vore betydeleg negativ omtale av ei sak internt i Kina; (b) den tiltalte har stilt Kina i forlegenheit gjennom handlingane sine utanlands; (c) lovbroten er uvanleg grovt. Generelt har ikkje menneskehandelsaker (snakehead cases) same alvorsgrad (significance) [i Kina] som i Vesten – dei blir sedde som vanlege (men alvorlege) lovbrøt som ikkje treng særskilt handsaming; (d) politiske faktorar (som kan inkludere den vektane kinesiske styresmakter legg på å slå ned på narkotikabrot) kan auke sannsynet for rettsforfølging (prosecution or reprosecution); og (e) den kinesiske staten er også spesielt bekymra for korrupsjon blant offentleg tilsette (Upper Tribunal 2010, s. 2, Landinfo si omsetjing).

At det kinesiske rettssystemet generelt er uføreseieleg, gjer det vanskelegare å vurdere risikoen for dobbeltstraff. Kinesiske domstolar er i høg grad politisk styrte, og ein kan ikkje slutte frå lovas bokstav til praksis i retten. Det er ingen uskuldspresumpsjon, og det som er føreseieleg, er at ein vil verte funnen skuldig om ein vert stilt for retten: Domfellingsprosenten i Kina ligg kring 99,9 prosent (Duihua 2016).

Samstundes er dei kinesiske domstolane overbelasta, og mange kinesiske fengsel er overfylte (Cohen & Wertime 2016; Finder 2018; Dui Hua 2015; USDS 2018). Såleis har ikkje kinesiske styresmakter isolert sett nokon openbar interesse av å straffeforfølgje og fengse borgarar som allereie har vore straffa utanlands.

Moglegheiten for administrativ straff

Parallelt med straffe- og domstolsystemet i Kina, går eit utanomrettsleg, administrativt disiplinærsystem. Det opnar for straff – oftast kalla rehabilitering eller noko liknande – av borgarar som har gjort seg skuldige i mindre lovbrøt eller misferder, inkludert politisk dissidens. Dette vil ifølgje domen frå det britiske Upper Tribunal (2011) vere ein usannsynleg reaksjon overfor borgarar som har vore rettsforfølgde i utlandet:

Rettsforfølging (reprosecution)/dobbeltstraff av ein returnert borgar gjennom det administrative disiplinærsystemet, er ekstremt usannsynleg. Dette skuldast at dersom ein person skal vurderast under dette systemet, må kinesiske styresmakter sjå lovbroten han er skulda for utanlands som såpass lite alvorleg at det ikkje rettferdiggjjer handsaming i straffesakssystemet (Upper Tribunal 2011, s. 2, Landinfo si omsetjing).

Etter at denne domen vart skriven i 2010, har det såkalla *laojiao*-systemet, eller *Re-education through labour* (RTL), vorte avskaffa. Dette var eit svært omfattande system for administrativ arrest, der personar skulda for misferder som tjuveri, prostitusjon og mindre narkotikasal, samt dissidentar, såkalla petitioners² og Falun Gong-utøvarar vart internerte i opptil fire år. Avskaffinga av RTL tyder likevel ikkje at det no er slutt på administrativ arrest. Det finst fleire

² Privatpersonar som klagar til styresmaktane på tilhøve dei oppfattar som urettvise eller ulovlege, t.d. korrupsjon.

andre typar utanomrettsleg arrest, og grupper som tidlegare vart sende til RTL, vert framleis gjeve administrativ straff, men under andre namn.

I samsvar med det ovanfornemnte, vil slik administrativ straff i liten grad ramme borgarar som har vore domfelte (eller frifunne) for ordinær kriminalitet i utlandet, då dei gruppene som typisk har fått dei lengste administrative straffene, er grupper som ikkje vil vere straffefølgd utanlands (altså dissidentar, Falun Gong-utøvarar og i dei seinaste åra etniske minoritetar).

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos responsar er baserte på opplysningar frå nøye utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med [anerkjende kvalitetskriterium for landinformasjon](#) og [Landinfos retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse](#).

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema. Responsar er utarbeidde med knappe fristar, og kjeldetilfanget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos responsar er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som responsane handlar om.

Referansar

Skriftlege kjelder

- Cohen, J. & Wertime, D. (2016, 12. oktober). A Crack of Daylight Enters Chinese Court Proceedings. *Foreign Policy*. Tilgjengeleg frå <https://foreignpolicy.com/2016/10/12/a-crack-of-daylight-enters-chinese-court-proceedings-live-streaming-transparency-reform-doubts/#> [lasta ned 8. november 2018]
- [Criminal Law] (1997). *Criminal Law of the People's Republic of China*. Tilgjengeleg frå Congressional Executive Committee on China <https://www.cecc.gov/resources/legal-provisions/criminal-law-of-the-peoples-republic-of-china> [lasta ned 8. november 2018]
 - Kinesisk original http://www.spp.gov.cn/spp/fl/201802/t20180206_364975.shtml [lasta ned 8. november 2018]
- DFAT, dvs. Department of Foreign Affairs and Trade (2017, 21. desember). *DFAT Country Information Report People's Republic of China*. Canberra: DFAT. Tilgjengeleg frå <https://dfat.gov.au/about-us/publications/Documents/country-information-report-china.pdf> [lasta ned 8. november 2018]
- Dui Hua (2016, 22. mars). China's Acquittal Rate Rose in 2015, But Remains Low. *Dui Hua Human Rights Journal*. Tilgjengeleg frå <https://www.duihuahrjournal.org/2016/03/did-chinas-acquittal-rate-rise-in-2015.html> [lasta ned 8. november 2018]
- Finder, S. (2018, 27. februar). Why are Chinese judges so stressed? *Supreme People's Court Monitor* [blogg]. Tilgjengeleg frå <https://supremepeoplescourtmonitor.com/2018/02/27/why-are-chinese-judges-so-stressed/> [lasta ned 8. november 2018]
- Home Office (2018, mars). *China: Fear of punishment for crimes for which the person was already charged in another country ('Double jeopardy' or re-prosecution)*. London(?): Home Office. Tilgjengeleg frå https://assets.publishing.service.gov.uk/government/uploads/system/uploads/attachment_data/file/695261/CPIN_-_China_-_Double_jeopardy_-_v2.0.pdf [lasta ned 8. november 2018]

Respons **Kina: Dobbelstraff**

- ICCPR, dvs. International Covenant on Civil and Political Rights (1966). Tilgjengeleg frå <https://www.ohchr.org/en/professionalinterest/pages/ccpr.aspx> [lasta ned 8. november 2018]
- AIT, dvs. Asylum and Immigration Tribunal (2008, 14. mai). *JC (Double Jeopardy: Art 10 CL) China v. Secretary of State for the Home Department*. London: Asylum and Immigration Tribunal / Immigration Appellate Authority Tilgjengeleg frå http://www.refworld.org/cases,GBR_AIT,482c01ab2.html [lasta ned 8. november 2018]
- SCMP, dvs. South China Morning Post (2017, 21. desember) Tilgjengeleg frå <https://www.scmp.com/news/china/policies-politics/article/2125277/beijing-jails-22-taiwanese-deported-kenya-telecoms> [lasta ned 8. november 2018]
- Upper Tribunal (2011, 25. januar). *YF (Double jeopardy - JC confirmed) China v. Secretary of State for the Home Department*. Leicester: Upper Tribunal (Immigration and Asylum Chamber). Tilgjengeleg frå http://www.refworld.org/cases,GBR_UTIAC,4d42948d93a6.html [lasta ned 8. november 2018]
- USDS, dvs. U.S. Department of State (2018, 20. april). *China (includes Tibet, Hong Kong, and Macau)*. Washington D.C.: USDS. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/j/drl/rls/hrrpt/humanrightsreport/index.htm?year=2017&dliid=277073> [lasta ned 8. november 2018]

© Landinfo 2018

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.